



Årsmøte

Hareid Idrettslag

26. mars 2025



Årsmelding frå hovudstyret i Hareid Idrettslag

Samansetjing

Hovudstyret hadde frå årsmøtet 20. mars 2024 denne samsetninga:

Leiar: Audun Ulstein

Nestleiar: Cecilie Bjørlykke

Styremedlem: Odd Arve Rise

Styremedlem: Stian Runne Brandal

Styremedlem: Vivian Johansen

Styremedlem: Berte Holstad Engen

Styremedlem: Pravin Selva

Varamedlem: Odd Erling Eriksen

Varamedlem: Gunn Bente Drevland

Styret har tilfredsstilt krava til kjønnsbalanse i samansetjinga.

Audun Ulstein og Cecilie Bjørlykke representerer Hareid Idrettslag i Hareid Idrettsråd.

Cecilie Bjørlykke er også medlem i Kretsstyret til Sunnmøre Fotballkrets.

Styret har halde 10 møter og handsama 48 saker. Pravin Selva trakk seg som styremedlem i november sidan han er student i Bergen og vart erstatta av 1. vara Odd Erling Eriksen.

Medlemsskap i HIL ved årsskiftet 2024/25

Gruppe	0-5 år		6-12 år		13-19 år		Vaksne		I alt
	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter	Menn	Kvinner	
Fotball			124	27	79	43	97	38	408
Turn	38	42	78	127	1	37	12	71	406
Friidrett			50	38	19	18	14	13	152
Handball			8	49		33	3	29	122
Støttemedlem							9	11	20
Heile HIL	38	42	260	241	99	131	135	162	1108

Det går fram av tabellen over at Hareid Idrettslag ved siste årsskifte hadde 1108 medlemmar. Dette er ein auke på 201 samanlikna med året før og auken er relativt sett jamt fordelt på dei ulike gruppene.

Når det gjeld detaljane i den idrettslege aktiviteten, viser vi til dei omfattande årsmeldingane frå dei aktive gruppene. Vi vil likevel også i år trekke fram Borghild Oline Holstad som i 2024 deltok i U20-VM i Peru. Her sprang ho semifinale på 400m til ny pers med 53.99, og enda på ein 18. plass. Om lag samstundes med dette var Synne Selvåg Larsen og Malin Flø Husøy på UM på Bislett stadion der Synne tok UM-gull på 100m og sølv på 200m i si årsklasse og Malin vart nr. 7 i slegge. Vi gratulerer!

Det er også verdt å nevne at det i haust vart åpna ei ny og flott tribune på Kunstgrasbana. Utallige dugnadstimar frå eldsjelene i fotballgruppa ligg bak og resultatet vart særsla bra!

Økonomi

Som forklart i forrige årsmelding var 2023 eit krevande år for økonomien i hovudstyret. Dessverre gjentok dette seg i 2024. I juli var kassa på det nærmeste tom og styret såg ingen annan utveg enn å permittere dagleg leiar 60% frå 8. juli og inntil vidare for å få kontroll på kostnadane.

Dagleg leiar valde etter kort tid å fratre si stilling då han hadde fått tilbod om annan jobb, og dei administrative oppgåvene har sidan august vorte ivaretatt av styreleiar i hovudstyret, med god hjelp frå leiarar og økonomiansvarlege i dei ulike gruppene.

Gjennom målretta arbeid og forskuttert støtte frå vår generalsponsor Sparebanken Møre kom vi oss gjennom året og ende med eit greit overskot også for hovudstyret.

Idrettslaget sett under eitt endte med ei omsetning på 6,9 millionar og eit positivt driftsresultat på om lag 1,5 million. Etter finanskostnader endte vi med eit årsresultat/overskot på 947.000.

Veien vidare

I 2025 vil hovudfokuset for hovudstyret vere å få på plass ein ny dagleg leiar som kan vere med på å auke sponsorinntektene til klubben samt sikre profesjonell og framoverlent drift i åra framover. Vi må også sjå på kostnadssida, spesielt utgifter til rekneskapsførar som i 2024 endte på formidable 420.000,-. Vi er trygge på at denne summen kan reduserast betrakteleg ved å finne ein ny dagleg leiar med rett kompetanse.

Klubben under eitt har per 31.12.24 ein egenkapital på 11,9 millionar og ei gjeld på 10,5 millionar, derav langsigtig gjeld på 9,8 millionar (Basishallen utgjer 9,4 av desse).

Sjå for øvrig vedlagt rekneskap for hovudstyret og årsrekneskap for Hareid Idrettslag.

Personaleet

Dagleg leiar Thobias Thon vart på grunn av den økonomiske situasjonen i hovudstyret permittert 60% frå 8. juli og valde å fratre stillinga ei stund etter det (siste arbeidsdag i september).

I tillegg har Tor Henning Andersen vore tilsett i stillinga som vaktmester.

Hovudstyret vil nytte dette høvet til å rette ein stor takk til alle frivillige, trenrarar, medlemmer, sponsorar og samarbeidspartnarar. Innsatsen og støtta frå alle som stiller opp er uvurderleg for idrettslaget vårt og heile Hareidssamfunnet! Stor takk!

Hareid den 20. mars 2025

Audun Ulstein

Cecilie Bjørlykke

Odd Arve Rise

Stian Runne Brandal

Vivian Johansen

Pravin Selva

Berte Engen Holstad